

Rapport

Nettverk for forskning på behandlingsliner og samhandling, Helse Fonna HF

2009-2013

Kristin Folven og Eva Biringer

Innhold

Samandrag	3
1. BAKGRUNN	4
1.1 RELEVANS AV FORSKING PÅ SAMHANDLING, KOORDINERING OG STANDARDISERTE FORLØP («BEHANDLINGSLINER») I HELSETENESTA.....	5
2. MANDAT, MÅLSETJING OG ORGANISERING	6
2.1 LEIARFORANKRING OG ORGANISERING	6
3. RESULTAT	9
3.1 PUBLIKASJONAR OG PROSJEKT	9
3.2 ØVRIG FORMIDLING OG KOMMUNIKASJON	10
3.3 KOMPETANSE	10
3.4 FAGLEGE AKTIVITETAR.....	11
3.5 SÆRSKILTE UTFORDRINGAR	11
4. ØKONOMI	12
4.1 FORVALTNING AV TILDELTE MIDLAR.....	12
4.2 EKSTERN FINANSIERING AV FORSKINGSPROSJEKT	12
5. NETTVERKET SITT BIDRAG TIL AUKA KUNNSKAP OM SAMHANDLING	12
6. VIDAREFØRING AV NETTVERK FOR FORSKING PÅ BEHANDLINGSLINER OG SAMHANDLING	13
6.1 ARGUMENT FOR Å VIDAREFØRE NETTVERKET	14
6.2 VIDAREFØRING AV NETTVERKET I 2014.....	14
7. OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	14
8. REFERANSAR	16

SAMANDRAG

Bakgrunn

Helse Fonna oppretta i 2009 «Nettverk for forskning på behandlingsliner og samhandling» som svar på utlysning av tematiske strategiske midlar fra Samarbeidsorganet i Helse Vest med føremål om stimulering av forskingsaktivitet i mindre helseføretak og private ideelle organisasjonar. Prosjektperioden var fem år (2009-2013) og finansiering i perioden var ved Samarbeidsorganet i Helse Vest og Helse Fonna HF (like deler).

Resultat

Nettverket har i prosjektperioden 2009-2013 hatt 13 prosjekt (3 på PhD- eller høgare nivå) i porteføljen. Gjennom ei rekke forskingsfaglege arrangement, ved forskingsfagleg rådgjeving (mentorar) og ved å bidra til finansiering av prosjekt har nettverket stimulert til forskingsaktivitet i Helse Fonna og ved HSH. Nettverket har formalisert samarbeid med fleire norske og internasjonale institusjonar.

Nettverket er per 2013 kreditert **19 vitenskaplege artiklar og 15** andre publikasjonar (abstracts, posterar, kronikkar etc). Dei fleste prosjekta er tverrfaglege og i fire prosjekt er brukarperspektivet sentralt. Tre vitenskaplege artiklar er i tillegg innlevert til tidsskrift og nettverket har klare planar for ni artiklar dei neste to åra. Nettverket rår over ein database som kan gi mange framtidige publikasjonar.

Tilsette i nettverket har – i tillegg til ovanstående grunnfinansiering- klart å hente inn tilsaman kr 3.632000,- av fritt søkbare forskingsmidlar. I tillegg kjem kr 1.680000,- fra ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering.

Konklusjon

«Nettverk for forskning på behandlingsliner og samhandling» vert vidareført med finansiering frå Helse Fonna i 2014. I framtida kan nettverket bidra til Helse Fonna sin forskingsproduksjon ved å ferdigstille påbegynte prosjekt og artiklar, ved forskingsfagleg rettleiing av nye kandidatar, og ved å benytte det kompetente internasjonale nettverket av mentorar som er opparbeidd i perioden 2009-2013. I tillegg kan forskingsstrategi og forskings-administrative rutiner nyttast vidare.

1. Bakgrunn

Helse Fonna oppretta i 2009 Nettverk for forskning på behandlingslinjer og samhandling som svar på utlysning av tematiske strategiske midlar fra Samarbeidsorganet i Helse Vest med føremål om stimulering av forskingsaktivitet i mindre helseføretak og private ideelle organisasjonar. Prosjektperioden var fem år (2009-2013) og finansiering i perioden var ved Samarbeidsorganet i Helse Vest og Helse Fonna HF (like deler).

Bakgrunnen for tildelinga av stimuleringsmidlar fra Samarbeidsorganet var deira rapport «Styrking av forskningsaktiviteten i de mindre helseforetakene – en evaluering» (Samarbeidsorganet i Helse Vest si Sak 21-2008 Vedlegg 4), som etter førre satsingsperioden 2004-2007 konkluderte med at framtidige tildelingar av stimuleringsmidlar til dei mindre helseføretaka burde innehalde føringar for sikring av etablering av forskarnettverk og forskingsaktivitet. Tidlegare tildelingar hadde vore for små og kortvarige til å medføre endringar internt i helseføretaka. Vidare påpeika rapporten uklar prioritering og dårleg leiarforankring internt som ein årsak til at tidlegare tildelingar av strategiske midlar ikkje hadde medført store endringar i dei mindre helseføretaka.

Det var dei tre administrerande direktørane fra Helse Førde, Helse Fonna og Haraldsplass Diakonale Sykehus (DSH) som etter rapporten ba Samarbeidsorganet om vidare tildeling av stimuleringsmidlar i brev av 02.09.2008:

Dei tre direktørane ønskte oppnå følgjande:

- å setje i gong forskingsrelevante prosessar
- fleire forskingsprosjekt i konkurransedyktig posisjon
- langsiktighet
- støtte til prosjektkandidatar i tidleg fase

Direktørane sa seg villige til forpliktande bidrag til aktivitet og tilrettelegging for forskning i sine organisasjonar slik at verkemidlane samla sett sette miljøa i stand til å nå krevjande forskingsmålsetjingar og dei respektive helseføretak starta arbeidet med å søke midlane.

I møte 15. april 2009 vedtok Samarbeidsorganet tildeling av i alt 10 mill. kroner over fem år til dei tre institusjonane Helse Førde, Helse Fonna og Haraldsplass Diakonale Sykehus

(DSH) (konf. Samarbeidsorganet sitt referat fra møte nr. 33-2009, datert 4. mai 2009, vedlegg 2). Midlane vart fordelte likt mellom dei tre institusjonane og kvar institusjon forplikta seg til å bidra med tilsvarende sum i løpet av prosjektperioden (konf. budsjett i søknaden). Mao: Helse Fonna vart tildelt 3.3 mill. kr og måtte bidra med tilsvarende i eigenfinansiering. Formelt vart adm.dir. tillagt ansvaret for nettverket.

I Helse Fonna HF sto Miriam Hartveit og Eva Biringer ansvarlege for ideen om å opprette «Nettverk for forskning på behandlingliner og samhandling». Nettverket representerte Helse Fonna sin del av felles-søknaden om tildelinga av dei ovanståande tematiske strategiske (stimulerings-) midlar til forskingssatsinga «Mindre foretak, private ideelle sykehus» til Samarbeidsorganet i Helse Vest (søknadsfrist 27.03.2009) (vedlegg 1).

1.1. Relevans av forskning på samhandling, koordinering og standardiserte forløp («behandlingliner») i helsetenesta

Der er i dag behov for samhandlingsforskning. Samhandlingsreformen har sett søkelys på utfordringar i tverr-sektoriell samhandling og det har vist seg at der fortsatt er store behov for evidens for å rettferdiggjere og kostnads-effektivisere tiltak som gjeld måling, koordinering og standardisering av helsetenestene. Dette behovet vert reflektert i Bestillardokument og føringar fra myndighetene (i forskingssamanhang mellom anna føringar uttrykte via Forskningsrådet).

Det er ei utfordring for Helse Fonna å finne forskingsområder med relevans for HF-et sin daglege aktivitet som kan verke samlande på forskingsmiljøet og samtidig gi direkte avkastning til klinisk verksemd. Forsking innan fagområdet «Kvalitetsforbetring i helsetenesta» (dvs forskning som aukar kunnskap om intervensjonar gjort for å endre praksis) fremjer integrasjonen av klinikk og forskning og kan gi synergi-effektar i form av både direkte nytte ved gjennomførte forbetringar, og indirekte ved meir kunnskap om effektiv kvalitetsforbedring. Desse relevans-argumenta, samt gjennomførbarhet og eksisterande kunnskap om kvalitetsforbetring i helseføretaket var bakgrunnen for at Helse Fonna valde å satse på «Nettverk for forskning på behandlingliner og samhandling» i 2009.

2. Mandat, målsetjing og organisering

Nettverk for forskning på behandlingliner og samhandling har hatt mandat fra Samarbeidsorganet og Helse Fonna til a) å stimulere til forskning og b) å produsere forskning på samhandling/koordinering i helsetenesta.

Spesifikke mål for prosjektperioden 2009-13 (2014):

- etablere forskarnettverk (òg internasjonalt) og mentorordningar
- etablere/opprette nye forskningsprosjekt
- tilby finansiering til nye prosjekt
- bygge ut kompetanse-”pool” av kompetente fagfolk med relevant forskarkompetanse ved eigen og andre institusjonar
- ivareta brukarperspektivet i forskinga
- arrangere fagseminar med inviterte gjesteførelsarar
- produsere vitenskaplege publikasjonar av god kvalitet


2.1 Leiarforankring og organisering

Forskingssatsinga vart organisert etter modell fra tidlegare nettverkssatsingar i Helse Vest. Adm. dir. delegerte funksjonen som nettverksleiar til dr.med. Eva Biringer, dengong leiar av Seksjon for forskning på psykisk helse, Helse Fonna HF. Rådet i satsinga har medlemmer fra Helse Fonna HF, Helse Bergen HF, Helse Førde HF og Universitetet i Bergen. Ved tildelinga (konf. sak 14 -2009 i Samarbeidsorganet) påpeika Samarbeidsorganet at særskilde mentorordningar var ønskte. Nettverket oppretta difor eit rådgjevande «ekspertpanel» av personar med spesielt høg kompetanse innan forskning på behandlingliner og/eller leing av slike koordinerte helsetenester. Ekspertpanelet bisto styret med vitenskapleg rettleiing, strategiske råd og gav uhilda tilråding om tildeling av utlyste stipend (mao habilitetsomsyn vart ivaretatt ved stipendtildelingar).

I alt har ni personar hatt tidsbegrensa tilsetjing i nettverket fram til medio 2013. Helse Fonna sine avdelingar for løn og rekneskapsføring har bistått nettverket og tilsette i nettverket har

vore organiserte i stab under adm.dir. Nettverket sine tilsette har hatt tilbod om kontor og forskingsfagleg miljø i «Forskingsfellesskapet» i «Sjøhuset», Haugesund. Imidlertid har datainnsamling i regi av nettverket blitt gjennomført i Helse Fonna (Haugesund, Stord, Valen), og i Helse Bergen (Voss og Haukeland Universitetssykehus). Tre mastergradsstudentar har mottatt rettleiing fra nettverket.

Organisasjonskart:



Medlem av Rådet i perioden:

Eva Biringer (dr.med., leiar av Seksjon for forskning på psykisk helse, Klinikk for psykisk helsevern, Helse Fonna HF)

Aslak Aslaksen (dr.med., klinikkssjef ved Radiologisk, Helse Bergen HF/Associate professor II, Universitetet i Bergen (UiB))

*Benedicte Carlsen (Institutt for samfunnsmedisin og Rökkansenteret, UiB)

*Miriam Hartveit (forskningskoordinator, Klinikk for psykisk helse, Helse Fonna HF)

*Tove Hovland (utviklingssjef, Helse Førde HF)

**Anders Bærheim (professor, Institutt for global helse og samfunnsmedisin, UiB)

**/*Olav Klausen, viseadm.dir. Helse Fonna HF

**Kristin Folven (nettverkskoordinator/vikarierande nettverksleiar)

*seinare slutta i rådet **seinare begynt i rådet

Medlem av det vitskapelege ekspertpanelet:

*Kris Vanhaecht (Senior Research Fellow, Leuven Catholic University, Belgia/Secretary General, European Pathway Assosiation (E-P-A))

Bengt Åhgren (Senior Lecturer, Nordiska Högskolan för folkhälsovetenskap, Sverige)

Johannes Kolnes (Rådgivar, Samhandlingsprosjektet, Helse og omsorgsdepartementet, seinare Seksjon for helsetjenesteutvikling, Helse Bergen HF)

*Seinare erstatta av professor Hub Wollersheim (Radboud University, Nijmegen, Holland) i ekspertpanelet i det han gjekk inn i forskingsfagleg rådgevarstilling for nettverket

Internasjonalt forskingsnettverk:

Nettverket har samarbeid (gjennom avtaler med institusjonen eller via formaliserte prosjektspesifikke samarbeid) med følgjande:

Yale University, New Haven, USA

Det katolske universitet, Leuven, Belgia

Radboud University, Nijmegen, Holland

Universitetet i Piemonte, Italia

Hälsovårdhögskolan i Gøteborg, Sverige,

Høgskolane Stord-Haugesund (HSH), Høgskolen i Oslo (HiO), Høgskolen i Buskerud (HiBu)


Universiteta i Bergen, Oslo og Stavanger

3. Resultat

3.1 Publikasjonar og prosjekt

Nettverk for forskning på behandlingliner og samhandling er frå starten av satsinga i 2009 til medio 2013 kreditert **19 vitenskaplege artiklar og 15** andre publikasjonar (abstracts, postere, kronikkar etc). Tre vitenskaplege artiklar er i tillegg innlevert til tidskrift. Fullstendig oversikt over publikasjonar kan sjåast i vedlegg 3. Andel publikasjonar har vore aukande i perioden (sjå figur 2.1). I tillegg til allereie publiserte/innsendte artiklar, er det handfaste planar for 7 artiklar frå pågåande prosjekt i nettverkssatsinga dei neste to åra. Dei 13 prosjekta som er knytt til satsinga spenner over eit stort spekter av fagområde. Oversikt over prosjekta, prosjektleiari og forankring kan sjåast i vedlegg 4. I fleire av prosjekta har nettverket sikra seg tilgong til datamateriale som kan nyttast i fleire framtidige vitenskaplege publikasjonar.

Figur: 2.1 Publikasjonar frå Nettverk for forskning på behandlingliner og samhandling i perioden 2009 til medio 2013



*irekna vitenskaplege artiklar med status som innlevert til tidskrift.

3.2 Øvrig formidling og kommunikasjon

Det har vore gjort tiltak for å gjera Nettverket synleg regionalt, nasjonalt og internasjonalt, konf. ovanståande oversikt over formelle samarbeidspartnarar. Satsinga vart presentert på Helse Vest sin forskingskonferanse i 2011, ein nasjonal konferanse om forskning på samhandling i Oslo og på European Care Pathway Conference i Amsterdam i 2012. I 2013 deltok nettverket med 4 abstract/posterar på European Care Pathway Conference i Glasgow. Nettverkstilsette har bidratt med innlegg på «Pasientsikkerhetskongressen» i Bodø 2011. I tillegg har forskarane i nettverket vore aktive mtp å presentere studiene sine i ulike fora, inkludert Helse Fonna-interne foredrag (for lækjarar, seksjonsleiarar, andre tilsette). Det har vore distribuert nyhetsbrev 1-2 gongar årleg, og nettverket har oppretta nettsider (norsk og engelsk) på www.helse-fonna.no med informasjon om satsinga, publikasjonar og prosjekt i denne.

3.3 Kompetanse

Nettverket har bidratt til å skape tilhørighet og karriereveg for forskarar innan helsetenesteforskning. Sju forskarar har/har hatt tilsetjing i nettverket i satsingsperioden, fem med varighet utover 6 mndr. To av desse er per juni 2013 halvvegs i sine PhD-arbeid og vil disputere i henholdsvis slutten av 2014 og første kvartal 2015.

Samarbeid med gjesteforskar Kris Vanhaecht som til dagleg arbeider ved det Katolske Universitet i Leuven, Belgia, har bidratt til å auka kunnskap om forskingsmetode og studiedesign hos forskarane i Nettverket spesielt, og Forskingsfellesskapet til Helse Fonna generelt. Vanhaecht sin kunnskap om internasjonal forskning på feltet og hans bidrag i enkeltprosjekt har auka kvaliteten på både prosjektsøknadar og publikasjonar. Sjå for øvrig oversikt over samarbeidspartnarar sine institusjonar side 7.

Brukarperspektivet er særleg ivaretatt i fire av prosjekta i satsinga, mellom anna ved at brukarrepresentantar har bidratt i planlegging av prosjekt eller som «medforskar» i semi-strukturerte intervju. Enkelte av prosjektmedarbeidarane med brukar-røynsle er utdanna i «Forskarskolen» i regi av Regionalt nettverk for forskning på stemningslidelser (MoodNet), Bergen.

3.4 Faglege aktivitetar

Det har i satsingsperioden 2009-2013 vore arrangert ei rekkje workshops og seminar i regi av *Nettverk for forskning på behandlingliner og samhandling*. Samlingane har vore opne med deltakarar frå Nettverket, andre forskingseiningar i Helse Fonna, Høgskolen Stord/Haugesund, Helsetorgmodellen og andre interesserte. Av dei i alt 13 arrangementa, har 3 vore med eksterne forelesarar frå universitet (Bergen og Oslo) og 5 med internasjonale bidragsytarar (sjå vedlegg 5).

I 2010 og 2011 arrangerte nettverket prekonferansar om Forsking i mindre helseforetak i samarbeid med Haraldsplass Diakonale Sykehus og Helse Førde. Ein ny prekonferanse er planlagt i tilknytning til Helse Vest sin forskingskonferanse på Solstrand Hotell i oktober 2013.

I september 2011 arrangerte nettverket kurs i standardiserte behandlingliner med tittelen: «International course on Care Pathways and organization of care processes» i samarbeid med European Pathway Association. Dei 24 deltakarane frå Norge, Nederland, Japan, Israel, Storbritannia, USA og Sør-Afrika gav svært gode evalueringar av det tre dagar lange kurset.

3.5 Særskilte utfordringar

Følgjande har vore særleg utfordrande for nettverksleiinga i prosjektperioden:

- rekruttering av forskingsinteresserte med rett kompetanse
- utvikling av intervensjonar i form av forskbare standardiserte forløp («behandlingliner») i samarbeid med kliniske einingar
- samarbeidet med primærhelsetenesta i datainnsamling (pga primærhelsetenesta er mange enkeltstående aktørar)
- årleg saldering i eigenfinansieringa i helseføretaket (har medført «tap» av inntente eller ubrukne midlar)
- kort prosjektperiode (kun fem (seks) år er lite ut fra forskingsstrategiske omsyn)

4. Økonomi

4.1 Forvaltning av tildelte midlar

Nettverket har i perioden 2009-2013 hatt ei grunnfinansiering av strategiske forskingsmidlar frå Samarbeidsorganet i Helse Vest på 3,3 millionar kroner. Om lag 2,2 millionar av desse midlane har gått/vil gå direkte til forskning; 1,5 mill til finansiering av eit PhD-prosjekt og 0,7 mill til stimulerings-/korttidsstipend. Resterande 1,1 mill har gått til drift, faglege aktivitetar og lønsmidlar til koordinator i 2009 og 2010, samt gjesteforskar i 2010. Mykje av ressursane i oppstarten av nettverket er brukt til planlegging, design av studier og skriving av søknadar for ekstern finansiering av planlagte prosjekt (sjå punkt 3.2).

Helse Fonna har i satsingsperioden gått inn med ei tilsvarande eigenfinansiering på 700000,- årleg. Totalt kr 500000,- av desse har gått/er budsjettert til drift og faglege aktivitetar i 2011-2014, 1,8 mill til lønsmidlar (leiar, koordinator, rådgjevar), kr 500000,- til stimuleringsstipend og 400000,- til løn til gjesteforskar. Om lag kr 300000,- av eigenfinansieringa frå Helse Fonna vart tappt i saldering ved årskiftet 2011-2012, og Helse Fonna si eigenfinansiering av satsinga har vore på totalt 3,2 millionar kroner.

4.2 Ekstern finansiering av forskingsprosjekt

Forskarane tilsette i nettverket har klart å hente inn tilsaman kr 3.632000,- av fritt søkbare forskingsmidlar og utlyste midlar til forskning på samhandling frå Samarbeidsorganet i Helse Vest. I tillegg har nettverksleiar Eva Biringer innhenta støtte til sitt postdoc-prosjekt frå ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering på kr 1.680000,-.

5. Nettverket sitt bidrag til auka kunnskap om samhandling

I Helse- og omsorgsdepartementet sin samhandlingsforskningsstrategi for 2012-2015, «*Forskning og innovasjon for bedre samhandling*», er det som oppsummering satt opp framtidige behov for samhandlingsforskning der ti område det er behov for meir kunnskap om

er skildra. Forskingsresultat i prosjekt knytt til nettverket vil bidra med kunnskap i fem av desse områda. Resultat frå PhD-prosjektet *Interface between primary care and specialist mental health care - the referral letters* vil bidra særskilt til kunnskap om «betre pasientflyt og henvisning» og «tiltak for å få god flyt i kommunikasjon og informasjon mellom tjenestenivå i behandling og oppfølging av pasienten». Vidare vil denne og Huntingtonstudien - eit anna PhD-prosjekt knytt til nettverkssatsinga – gje auka kunnskap om «pasientgrupper med særleg behov for langvarige og koordinerte tiltak på tvers av tjenestenivåene, herunder tverrfaglige områder som rehabilitering og habilitering». Eit planlagt PhD-prosjekt der forskar har motteke stimuleringsstipend frå satsinga (og har inne søknad om PhD-midlar frå ulike finansieringskjelder) har potensiale til å generere kunnskap om bruk av telemedisinske løysingar for pasientar med akutt slag (jmf «IKT og tjenesteutvikling som kan understøtte bedre samhandling og mer helhetlige pasientforløp»). Nettverket er vidare med i utarbeiding av protokoll for eit fellesprosjekt Helse Fonna/HSH/Helsetorgmodellen med mål om å søkje finansiering frå Norsk Forskningsråd til eit prosjekt om forebyggjande heimebesøk hos eldre og effekt av ei behandlingssline for personar med kognitiv svikt, som vil vera «forskning om hvordan man kan få økt og effektiv forebygging i den kommunale helse- og omsorgstjenesten».

Eit anna bidrag frå Nettverket etter satsingsperioden vil vera verktøy for måling av grad av samhandling gjennom validering av norsk versjon av to internasjonale måleverktøy for samhandling og tverrfagleg koordinering i helsetenesta.

6. Vidareføring av Nettverk for forskning på behandlingssliner og samhandling

Forskning er svært langsiktig (5-20 års perspektiv) og Nettverk for forskning på behandlingssliner og samhandling er enno berre i startfasen for kva nettverket som fagmiljø kan bidra til på sikt.

6.1 Argument for å videreføre nettverket

Argument for å videreføre nettverket er:

- behalde og vidareutvikle oppbygd forskarkompetanse og internasjonalt nettverk innan eit tema der det i liten grad er noverande forskingsnettverk
- utnytte innsamla data og ferdigstille påbegynte prosjekt og publikasjonar
- bidra med rettleiing av kommande forskarar ved å dra nytte av opparbeidd kompetanse hos eigne forskarar
- bidra med forskbare kvalitetsforbetrings-intervensjonar i klinikken
- bygge vidare på eksisterande rutiner og system for personal-administrativ ivaretaking av forskarane
- fast grunnfinansiering vil gi fleksibilitet og mulighet (arbeidsrom) for å utarbeide søknader om ekstern prosjektfinansiering
- bidra til Helse Fonna sitt renommé utad (regionalt, nasjonalt)

6.2 Vidareføring av nettverket i 2014

Helse Fonna HF viderefører «Nettverk for forskning på behandlingliner og samhandling» i 2014. I vidareføringa vert personaladministrativ ivaretaking av tilsette med eksterne stipend vektlagt. Intensjonen er fortsatt vitskapleg produksjon kring tema behandlingliner og samhandling i helsetenesta etter 2014.

7. Oppsummering og konklusjon

«Nettverk for forskning på behandlingliner og samhandling» har i prosjektperioden 2009-2013 hatt 13 prosjekt (3 på PhD- eller høgare nivå) i porteføljen og produsert 16 vitskaplege artiklar og 14 andre publikasjonar. Gjennom ei rekke forskingsfaglege arrangement, ved forskingsfagleg rådgeving (mentorar) og ved å bidra til finansiering av prosjekt har nettverket stimulert til forskingsaktivitet i Helse Fonna og ved HSH. Der er behov for forskning på koordinering/samhandling i helsetenestene og nettverket har klart å skape slik relevant

forsking ved hjelp av gode nasjonale og internasjonale støttespelarar. I framtida ønsker nettverket bidra til Helse Fonna sin forskingsproduksjon ved å ferdigstille påbegynte prosjekt og artiklar, ved forskingsfagleg rettleiing av nye kandidatar, og ved å skape fagleg og tilsetjingsmessig karriereveg for forskarar.

8. Referansar

Det regionale samarbeidsorganet i Helse Vest (2008). Sak 21-2008 Vedlegg 4: Rapporten «*Styrking av forskningsaktiviteten i de mindre helseforetakene – en evaluering*».

Det regionale samarbeidsorganet i Helse Vest (2009). *Referat fra møte i Samarbeidsorganet 15.04.2009, nr. 33-2009*, datert 4. mai 2009.

Helse- og omsorgsdepartementet (2012). *Forskning og innovasjon for bedre samhandling, Helse- og omsorgsdepartementets samhandlingsforskningsstrategi 2012–2015*. http://www.regjeringen.no/pages/38015934/forskning_innovasjon_2012.pdf